



BARNEOMBODET

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO
E-post: postmottak@bld.dep.no

Deres ref:

Vår ref:
14/00724-2

Saksbehandler:
Camilla Kayed

Dato:
2. september 2014

Høyring - endring i forvaltningslova, innføring av eit forbod mot bruk av barn som tolk

Konklusjon

- Barneombodet er nøgd med at departementet foreslår å innføre forbod mot å bruke barn som tolk.
- Barneombodet meiner at eit unntak frå forbodet for enkle beskjedar må evaluerast etter nokre år.

Om Barneombodet

Barneombodet har ein eigen lov og instruks som seier at vi skal jobbe for at barn og unge sine behov, rettar og interesser skal bli tekne godt nok omsyn til på alle område i samfunnet. Barneombodet skal foreslå tiltak som er bra for barn, og vi skal spesielt følge opp FN's barnekonvensjon.

5. FN's barnekonvensjon- omsynet til barns beste

Departementet argumenterer ut frå omsynet til kva som er det beste for barn, jf. barnekonvensjonen artikkel 3, og viser forståing for den vanskelige situasjonen barn blir sette i når dei blir brukte som tolk. Det er bra at departementet tek utgangspunkt i konvensjonspliktene våre for å fremje eit lovforslag.

3.1.4 Retningslinjer for bruk av tolk i ulike sektorar

Det er allereie mange direktorat som har laga retningslinjer for tolkebruk med ei presisering om at barn ikkje skal brukast som tolk. Det er viktig for Barneombodet at alle direktorat lagar retningslinjer for tolkebruk, og vi vil gjerne understreke at det er underleg at Utdanningsdirektoratet ikkje har laga slike retningslinjer, ettersom skulen er den staden der barn oftast blir brukte som tolk.

Barneombodet vil minne om at et forbod gjer det naudsynt å sikre betre tilgang til kvalifiserte tolkar.

7 Endringsforslaget

Barneombodet har lenge arbeidd for å sikre barn mot å bli brukte som tolk, og vi er nøgde med at departementet no fremjar forslag om å regulere dette i forvaltningslova. Hovudregelen står fram som ryddig, og det er bra at departementet også tydeliggjer at forbodet omfattar anna formidling av informasjon.

7.1.2 Unntak er nødvendig for å unngå tap av liv eller annan alvorleg helseskade

Departementet innfører eit unntak som gjeld akutte situasjonar kor omsynet til liv og helse bør gå framfor omsynet til barnet. Dei viser til helsesituasjonar, som for eksempel konsultasjon hos fastlege eller på sjukehus. Barneombodet kan forstå behovet for eit unntak i snevre tilfelle, men vi meiner konsultasjon hos fastlege ikkje bør omfattast av dei tilfella som kan karakteriserast som akutte. Ein bør og skilje mellom akutt innlegging på sjukehus og vanleg konsultasjon.

7.1.3 Unntak i andre tilfelle

Barneombodet meiner det er ein reell fare for at unntaket blir hovudregelen. Vi er difor bekymra for eit slikt omfattande unntak.

Barneombodet forstår utgangspunktet for ein slik unntaksregel ved enkle beskjedar. Særleg i skulesituasjonar som handlar om dagleglivet til barn er det naturleg å ikkje byråkratisere kvardagen til barnet for mykje. Det er ikkje uvanleg at barn med norsktalande foreldre også formidlar beskjedar til foreldra sine.

Samstundes er vi urolege for at forvaltninga i svært vekslende grad evner å gjere gode vurderingar av kva som er det beste for barnet. Tilsyn frå Helsetilsynet har for eksempel vist at NAV ikkje har barneperspektiv i sine vurderingar¹. Det vil vere svært vanskeleg for dei ulike offentlege instansane å vurdere kva det er forsvarleg at barnet formidlar.

En fortsetnad for å ha eit unntak, er at det blir utvikla gode rettleiarar for *alle* sektorar der barn kan tenkast å måtte tolke eller formidle beskjedar.

Det er antakeleg i skulesituasjonar det er mest aktuelt å bruke barn til å formidle enkle beskjedar. Nettopp derfor er det ekstra viktig at det i skulesektoren blir tydeleg kva for beskjedar som kan og bør formidlast av barn. Barn i skulen med framandspråklege foreldre har i dag ansvar for mye informasjonsverksemd til foreldra sine. Dette er uheldig både fordi det kan gi barn for stort ansvar for eigen skulekvardag, og fordi barn kan komme til å halde tilbake informasjon til foreldra som dei ikkje ønskjer at foreldra skal få vite om. Det er derfor utfordringar med eit unntak uansett om beskjedane er enkle eller ikkje.

I offentlig forvaltning som ikkje handlar direkte om barnet, ser vi det som endå meir problematisk å opne opp for å bruke barn til formidling. Sjølv om vurderinga av kva som er forsvarleg vil gjere at innhaldet i det som blir formidla er av enkel karakter, er det også viktig å huske på at eit slikt unntak kan få store konsekvensar for barn, sjølv om beskjeden er heilt ufarleg å tolke. Ein risikerer til dømes å oppretthalde dagens praksis med at barnet blir tatt ut av skulen for å hjelpe foreldra i kontakt med offentlege etatar.

For å avhjelpe desse situasjonane er det muleg at unntaket bør avgrensast til situasjonar som handlar om barnet. Eit anna alternativ kan vere å avgrense unntaket til nokre sektorar der enkle beskjedar blir gitt ofte, slik som skule og barnehage, og der personalet er vant til å gjere vurderingar om kva som er det beste for barnet. Dersom ein ynskjer å oppretthalde eit unntak, bør ein ta bort formuleringa tolking, og bare bruke formuleringa formidling.

Om departementet tar inn ein slik unntaksregel, ber Barneombodet om at ein evaluerer praksis etter nokre år.

Venleg helsing

Anne Lindboe
barneombod

Camilla Kayed
fagsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

¹ http://www.helsetilsynet.no/upload/Publikasjoner/rapporter2013/helsetilsynetrapport2_2013.pdf